

Filosofihistorie, Universitetsforlaget - 40 år i 2010

Orientering om bokas historie

I 2010 er det 40 år sidan læreboka Filosofihistorie, ved Universitetsforlaget, kom ut for første gong. Boka ligg no føre på 14 språk, frå kinesisk og usbekisk til islandsk og fransk. Rundt rekna er boka seld i vel 150.000 eksemplar, om lag halvparten i utlandet og den andre halvparten her heime (om lag $\frac{3}{4}$ på nynorsk og $\frac{1}{4}$ bm). Dette er litt spesielt for norsk fagprosa, for ei lærebok skriven på norsk.

Bakgrunn

Bakgrunnen er denne: I 1962 vart eg hjelpelærer ved Filosofisk institutt ved Universitetet i Bergen (instituttet var oppretta tre år tidlegare) med ansvar m.a. for undervisning til examen philosophicum. Den gong var det to paralleltgåande førelesingsrekker i filosofihistorie til examen philosophicum. Haustsemesteret 1962 hadde Knut Erik Tranøy ei av desse førelesingsrekkene, eg hadde den andre. Eg tok opp førelesingane mine på bandspelar, "wire recorder" som det heitte i dei dagar, og i etterkant skreiv eg dei ned. Etter nokre semester hadde eg eit manuskript for heile kurset.

Som lærebok brukte vi Arne Næss (den hadde eg brukt fem år tidlegare som student ved Universitetet i Oslo). Dette er på mange måtar ei god bok, med fokus på det argumentative. Men som filosofistudent hadde eg vori eit år i Frankrike (med interesse for eksistensfilosofi, der eg m.a. hadde møtt Gabriel Marcel) og eitt i Tyskland (der eg møtte Heidegger og arbeidde med filosofien hans). Filosofisk var eg såleis ingen næssianar (slik Næss var på det tidspunktet). Dessutan, etter å ha eg undervist fire år i Bergen, tilbrakte eg eitt år ved University of California i San Diego, under Vietnamkrigen, der eg m.a. følgde førelesingane til Herbert Marcuse. Han la vekt på politisk filosofi og historisk situering, eit grep som var svært ulikt det næssianske. Det slo meg at det var noko å lære hos begge partar, det argumentative hos Næss og det historiske med vekt på politisk filosofi hos Marcuse.

1970 – for 40 år sidan

På slutten av 60-talet, då universitetet ekspanderte, vart exphil-studentane i Bergen delte inn i grupper ut frå fakultetstilknytning. Eg hadde undervisningsansvar i filosofihistorie for dei som skulle studere ved det samfunnsvitskaplege fakultet. Manuskriptet vart lagt opp med sikte på denne gruppa, og i 1970 vart det levert inn til Knut Lie ved Universitetsforlaget i Bergen, under tittelen "Innføring i politisk teori". Dei to første åra vart manuskriptet publisert i form av to stensilerte hefte i A4-format (studentpris kr. 18 per del). Heftet vart lansert som eit prøveprosjekt. Studentane vart oppmoda om å komme med tilbakemeldingar,

og det gjorde dei. Dette var tidleg på 70-talet; studentane var oppvakte og engasjerte, og dei gav inntrykk av å setje pris på å bli involverte i prosjektet. (Til ettertanke: I manuskriptet inngjekk det også korte utsnitt frå originallitteraturen, på norsk og engelsk, men også på tysk, for Luther, Kant og Hegel, og på fransk, for Platon, Montesquieu og Rousseau.)

I 1972 kom boka i revidert form og som normal bok, no under tittelen ”Politisk filosofi”. (På seinare utgåver blir denne 72-utgåva nemnd som første utgåve, men reelt var dette andre utgåve.) Frå 1980 har boka heitt ”Filosofihistorie” (formelt tredje reviderte utgåve, reelt den fjerde).

Undervisningsopplegg og pedagogiske grep

Undervisningsopplegget var gjennomgåande som følgjer: læreboka, med utsnitt frå originallitteraturen, inngjekk i eit opplegg med førelesingar for heile gruppa og med mindre arbeidsgrupper der studentane drøfta sentrale problemstillingar (tidvis med ein fagleg gruppeleiar til stades) og der dei etter tur skreiv svar som vart leverte inn og retta av førelesar (og kommentert under påfølgjande førelesing når det var merknader av meir allmenn interesse). Kort sagt, studentane skulle øvast i å drøfte og å skrive, i tillegg til å følgje førelesingar og lese i læreboka. Slik var det allmenne opplegget.

Når det gjeld læreboka, var det pedagogiske grepet eit forsøk på å kombinere det argumentative og appliserte med det historiske og dannande. Spørsmål om gyldigheit og relevans på den eine sida og fokus på historisk situerte diskusjonar på den andre: Før ein kjem til svaret, må ein bli kjend med kva spørsmålet går ut på, og kva som er bakgrunnen for slike spørsmål, og vidare kva slag argument som inngår, og kven ein argumenterer med eller imot, og kva implikasjonar dei ulike svar kan seiast å ha. Med andre ord, eit fir-ledda pedagogisk grep, ved fokus på spørsmål, argument, svar og implikasjonar - der svaret aleine ofte kan te seg som urimeleg eller vidløftig, anten det er den første filosof Thales som skal ha sagt at alt er vatn (umiddelbart ein urimeleg påstand, sjølv under eit regntungt haustsemester i Bergen) eller det er Kant som på finurleg vis redefinerer forholdet mellom det erkjennande subjekt og det vi kan erkjenne.

Etter kvart utvikla boka seg slik at ho kunne lesast til sjølvstudium, eller *con amore*, og dermed også vere nyttig utover eksamen, og utover eit spesielt pensum.

I ettertid kan det truleg seiast slik: For å skrive ei lærebok som er liv laga over tid, bør ein for det første sjølv undervise i faget for dei gruppene det gjeld, og for det andre bør ein sjølv forske i faget og halde seg fagleg oppdatert. Begge ting, nærkontakt med dei ein skriv for og nærkontakt med det ein skriv om.

Examen philosophicum, eit norsk fenomen

Examen philosophicum er ein arv frå det eldre danske og tyske universitetssystem som dei andre jamt over har avskaffa, men som har overlevd hos oss, om enn i stadig nye former, igjennom studentrevolten i 68 og på tvers av diverse rasjonaliseringstiltak i dei påfølgjande år. To stikkord er sentrale i den

samanheng: revisjon og realisme. Vilje og evne til fagleg revisjon og politisk realisme med tanke på kva ein kan få til, og korleis. Særleg i krisetider har ordninga vori avhengig av støtte frå studentane, og dessutan frå fagfellar i andre fag, og i siste instans også av støtte av allmennpolitisk art. Til sine tider var det felles front av verdikonservative professorar, til forsvar for danning, og radikale studentar, til forsvar for kritisk tenking. Begge hadde eit poeng, som samla sett gir motstandskraft til forsvar for examen philosophicum.

Innetter i filosofimiljøet har dette hatt eit par viktige implikasjonar: (i) Filosofar som underviser til examen philosophicum (og som er avhengige av støtte frå studentane), må lære å tale til unge menneske på ein måte som er rimeleg klar og som blir oppfatta som relevant og interessant. (ii) Filosofar som underviser i filosofihistorie, må forhalde seg til eit breitt repertoar av ulike tankeformer og diskusjonar, og det er nyttig som motdose mot einsretting og sneversyn.

Filosofi på norsk

Før Arne Næss tok over som professor i filosofi i 1939 (i ein alder av 27 år), stod det ikkje særleg bra til med filosofien her i landet. Harald Schjelderup vart utnemnd til professor i faget i 1922, men etter kort tid (i 1928) fekk han professoratet omgjort til psykologi. Andre professorat i faget var det ikkje. Likevel var det sterke krefter som såg med mishag på utnemninga av Næss som filosofiprofessor på slutten av 30-talet. Dei oppfatta han som ein positivist som ville komme til å rasere filosofien som dannelsedisiplin. Som mottrekk (umiddelbart etter krigen) vart litteraturprofessoratet til H. A. Winsnes omdefinert til eit professorat i idéhistorie, som eit vern om åndeleg danning.

Såleis vart det ved Universitetet i Oslo eit institusjonelt skilje mellom filosofi og idéhistorie, mellom argumentasjon og danning. Denne konflikten spissa seg til då førsteutgåva av Næss' *Filosofiens historie* låg føre i 1953 (full tittel: *Filosofiens historie, en innføring i filosofiske problemer*). Debatten om boka gjekk frå januar til juni 1954 med ei lang rekke innlegg i vekeavisa *Farmand* og med eit fullsett og livleg diskusjonsmøte i Ingeniørenes hus i mai same år. Den "annen front" og dei antroposofiske litteratane såg Næss som ein ufin kulturradikalar. Dei hadde ikkje fått med seg at Næss, liksom Skjervheim og den nye generasjon av seriøse filosofar, var argumentativt skolerte og vitskapsteoretisk oppdaterte på ein måte som distanserte dei frå dei utdaterte skribentane både på kulturradikal og på antroposofisk og høgåndeleg side.

På 50- og 60-talet kan filosofien her til lands karakteriserast ved fire kjenneteikn:

i) *Formidling mellom analytisk og kontinental filosofi*. Det var ei *fagleg* utfordring å arbeide argumentativt i analytisk forstand samtidig som ein tok inn den sjølvrefleksive arbeidsmåten frå tysk og fransk filosofi. I etterkrigsåra var dette også ei *politisk* utfordring, som ei forsoning på tvers av den engelske kanal (for å seie det slik). Det var eit bidrag til europeisk forsoning, men også til nasjonal forsoning: Geokulturelt har vi her til lands stått mellom det britiske og det tyske. I dette

formidlingsprosjektet var dei tyske medspelarane filosofar som Apel og Habermas. (Men striden, og hatet, sat langt inne, på norsk side. Då Arne Næss midt på 60-talet publiserte ein sakleg omtale av Heideggers filosofi – ein person som offentleg hadde støtta nazi-regimet på 30-talet – rykka Harald Ofstad ut i *Dagens Nyheter* og klandra sin eldre lærar for å stryke den slags folk ”medhårs”; i staden skulle han ha ”gnuggat dem, knådat dem, och stekt dem”.)

ii) Interesse for vitskapleg forskning og for å lære av kollegaer i andre fag, men også for å ha eit sjølvkritisk blikk på vitskapane. Dette innebar at *vitskapsfilosofi* vart ein integrert del av filosofien (i klar kontrast til hjelpelause forsøk på å raljere over dumme forskarar, hos vitskapsteoretisk uskolerte litteratar som Bjerke og Bjørneboe, men også i kritisk kontrast til scientistisk fundamentalisme av ulikt slag).

iii) Interesse for politiske utfordringar og dermed for *politisk filosofi*. Kort sagt, filosofien her til lands vart ikkje politisert i 1968, men i 1940. For alle dei dominerande filosofane var krigen avgjerande, ikkje berre på det personleg plan, men også for det dei gjorde som filosofar. Næss utvikla ein Gandhi-inspirert ikkje-voldsetikk og hadde fagleg ansvar for demokrati-prosjektet initiert av UNESCO etter krigen; Tranøy var blant studentane som i 1943 vart sende til Tyskland, noko som var med å prege dei moralfilosofiske interessene hans i ettertid; Skjervheim var norsk okkupasjonssoldat i Tyskland og i alle år stridde han mot politisk (så vel som erkjenningssteoretisk) fundamentalisme.

iv) Interesse for den *offentlege samtale*. Ikkje berre såg ein universitetet som eit diskursiv fellesskap; ein såg det slik at filosofar og andre forskarar også har som oppgåve å ta del i den offentlege meningsutvekslinga og meningsdanninga. Mangt kunne skilje t.d. Næss og Skjervheim, men ikkje i dette; her var dei grunnleggjande samde. Næss’ lærebok i tolking, presisering og sakleg debatt – *En del logiske emner* – var ikkje berre mynta på innvortes bruk, ved universitetet, men også på den allmenne danning av ein sakleg og sjølvkritisk offentleg sfære, med brodd mot retorisk forføring og politisk manipulering. Å ta del i slik debatt, i aviser og lag, vart sett på som ei riktig og viktig oppgåve.

Og no er poenget at desse særtrekka kom examen philosophicum til gode: vilje til å overvinne fagleg skolestrid, interesse for vitskapsfilosofi og for politisk filosofi, og interesse for ein sakleg og sjølvkritisk offentleg samtale. Når examen philosophicum har overlevd til denne dag, kan desse særtrekka vere noko av grunnen. I våre naboland tedde filosofane seg annleis.

Andre tar boka i bruk

Den læreboka i filosofihistorie som no feirar 40 år, er prega av denne bakgrunnen. Det pregar stilen og dei filosofiske grepa, og det viser seg ved at politisk filosofi står sentralt. Det same gjeld utviklinga av vitskapane, og då ikkje berre naturvitskapane, men også samfunnsvitskapane og humaniora, medrekna jus og teologi.

Opphavleg var boka skriven for dei som skulle studere ved det samfunnsvitskaplege fakultetet ved universitetet i Bergen. Men etter kvart vart boka tatt i bruk av andre, både ved dette universitetet og

ved andre lærestader her i landet. Tilbakemeldingane frå andre som brukte boka la føringar på dei revisjonane som følgde; boka vart etter kvart ei allmenn innføringsbok i filosofihistorie, og ikkje berre tilpassa ein bestemt pensumsvariant.

Boka, som var skriven på nynorsk, vart dessutan tatt i bruk ved danske universitet. (På spørsmål til danske venner og kollegaer om dei hadde merknader, fekk eg ikkje tilbakemelding på språket, men derimot på ein tidlegare versjon av kapitlet om Søren Kierkegaard: Det var for ibsensk og gravalvorleg, her måtte det inn meir dobbeltreflektert og lødig ironi! Slik vart det. Og den nynorske versjonen av boka figurerte ikkje berre på lesesalane, men også i utstillingsvinduet for Paludan boghandel i Fiolstrædet – det vil seie, inntil dansk Gyldendal fann ut at det var pengar å tene og dermed fekk boka omsett til dansk.)

Motstand

Men på heimebane var ikkje alt idyll. I Bergen hadde vi på hausten 1968 hatt fagkritiske diskusjonar i samband med Ottosen-komitéen og framlegget om å ”rasjonalisere” universitetet. På våren 1969 hadde det historisk-filosofiske fakultet arrangert eit allmøte i Engen kino, med fullsett sal, der filosofane spela ei aktiv rolle (under votering gjekk 4 inn for rasjonaliseringsframlegget og 432 imot, det same gjorde professor Holbæk Hansen, eit tidlegare medlem av Ottosenkomitéen). Når så læreboka i filosofihistorie kom våren 1970 – der det både stod om Marx og det som verre var – let ikkje reaksjonen vente på seg, primært i regi av den etablerte garde blant historikarane (som var ekspertar på maktspelet i Stortinget, med sine korridorar og løyndarmøte, men nok ikkje på filosofi). Det vart kampanje mot boka, dels i opne fora, slik som fakultetsrådet, men også ved bruk av krokvegar. I ettertid kunne Knut Lie i Universitetsforlaget fortelje om finurlege forsøk på å stoppe ei vidare utgiving av boka, ved fordekte samtalar med universitetsdirektøren som var med å behandle saker på Bergensavdelinga til forlaget. Men slik gjekk det ikkje. Tvert om, opplaget steig her til lands, og boka vart etter kvart også omsett til andre språk:

Omsetjing og utgiving i utlandet

Når det gjeld omsetjing og utgiving i utlandet, var Tyskland først ute. I 1993 kom boka på Suhrkamp, med tittel *Geschichte der Philosophie* (eit forlag der eg tidlegare hadde vori inne med eit par publikasjonar, *Wahrheitstheorien* 1977, etter initiativ frå Habermas, og *Die pragmatische Wende* 1986, i samarbeid med Dietrich Böhler). På ettervinteren 1994 var det olympiade på Lillehammer, der nordmennene gjorde det godt; i det perspektivet omtala *Frankfurter Allgemeine* boka som eit filosofisk kombinertløp.

To år seinare, i 1995, kom boka på dansk på Gyldendal dansk forlag. (I forordet kan vi lese at den danske omsetjaren har ”bestræbt” seg ”på at bevare originalens ligefremme og letlæste sproglige form”.)

Same år (1995) kom boka på svensk på Daidalos forlag.

I 1996, etter 26 år, vart boka omsett til bokmål. Knut Lie hadde frykta at ei omsetjing til dansk ville føre til at norske studentar (særleg i Oslo) ville kjøpe boka på dansk og ikkje på nynorsk. Når boka så låg føre på dansk i 1995, var det ingen veg tilbake. Boka kom også på bokmål.

I 1999 kom boka på islandsk: *Heimspækisaga* utgitt av Háskólaútgáfan i Reykjavík. Dette var den første omfattande filosofihistoria på islandsk og derfor var mange filosofar med i omsetjingsarbeidet, for å utarbeide ein felles terminologi – i alt var over 20 filosofar (*heimspekingar*) med på dette arbeidet, med Stefán Hjörleifsson som ankermann.

Neste år, i 2000, kom den russisk utgåva ved Vlados forlag (*Istoria filosofii*), omsett frå engelsk og tysk av Vladimir Kuznetsov og Sergei Krimski. Nye opplag kom i 2001, 2003 og 2008. I forordet står det at forfattarane er interesserte i tilbakemeldingar, og så har skjedd, i form av epost frå interesserte studentar, frå Irkutsk til Jerivan. Etter føreliggjande opplysningar har boka gått i 35.000 eksemplar.

Den engelsk utgåva kom på Routledge i 2001, med Ronald Worley som omsetjar. Her er tittelen *A History of Western Thought*.

Hausten 2001 (jf 9/11 og åtaket på *The World Trade Center*) tok faksen til å tikke, og inn kom eit brev frå Tasjkent i Usbekistan, med spørsmål om dei kunne få omsetje og utgi filosofihistoria på usbekisk – til beste for demokratiet og det opne samfunn, og med gratis utdeling, når boka låg føre, til 63 høgare utdanningsinstitusjonar i landet. Brevet kom frå Open Society Institute i Usbekistan, ein institusjon inspirert av Popper (*The Open Society and its Enemies*) og finansiert av Soros. Neste vår, i 2002, låg boka føre (*Falsafa tarihi*), med nytt forord, som eg var beden om å skrive, og under arbeidet med dette forordet fekk eg auga opp for kor viktig dette området hadde vori i tidlegare tider, lokalisert på silkevegen mellom aust og vest, før europearane tok til å segle jorda rundt.

I 2004 kom boka på kinesisk, utgitt i Shanghai, med venner og kollegaer frå samarbeidsprosjektet ”Marco Polo” som omsetjarar (Shijun TONG, Zhenhua YU og andre ved East China Normal University). Til no har boka gått i 5 opplag ved forlaget, i tillegg til piratutgåver, ved kopiering. Etter føreliggjande opplysningar er boka samla sett gått i om lag 20.000 eksemplar.

I Usbekistan er det ein tadsjikisk minoritet (om lag 20 % av innbygarane), og vel var den usbekiske boka på plass, så kom det ein førespurnad frå tadsjikar i Usbekistan, om dei kunne få omsetje boka til tadsjikisk. Og slik vart det. Boka på tadsjikisk låg føre i 2004, igjen med nytt forord, denne gongen

initiert av tadsjikane (som talar eit indoeuropeisk språk, medan usbekisk er eit turkmensk språk), og som framheva at dei hadde ei lengre danningshistorie enn usbekarane.

Ved eit tilfeldig søk på nettet viste det seg at boka var omsett og utgitt på tyrkisk. Det hadde skjedd i 2004. I 2006 låg 3. utgåve føre.

Ei omsetjing til fransk, finansiert av Universitetet i Bergen, er ferdigstilt, utført av tre kollegaer i Nice. Boka vil etter planen bli utgitt ved forlaget Hermann i Paris i 2010.

Ei omsetjing til iransk (persisk, farsi) vil snart vere ferdig. Etter planen skal boka publiserast i 2010.

Det er også avtale om ei omsetjing til arabisk, med utgiving i Libanon, men dette er enno meir uvisst.

Norske utgåver og medarbeidarar

Nils Gilje møtte lærebok i første omgang som student. Frå 1987 (offisielt 4. utgåve, reelt den 5.) har han vori med som medforfattar. Frå det året heiter boka Skirbekk/Gilje *Filosofihistorie*.

Det har vori diverse utgåver og revisjonar. Første utgiving var 40 år tilbake, i 1970. Deretter følgjer nye utgåver i 1972, 1976, 1980, 1987, 1992, 1996, 2000 og 2007. Den siste nynorskutgåva, frå 2007, er såleis offisielt 8. utgåve (reelt den 9.). Bokmålsutgåva same år, 2007, er 3. utgåve på bokmål.

Den siste utgåva, frå 2007, er resultatet av samarbeid med Anne Granberg, Cathrine Holst og Rasmus Slaattelid. Fullstendig presentasjon av boka ser no slik ut:

Gunnar Skirbekk og Nils Gilje

i samarbeid med Anne Granberg, Cathrine Holst og Rasmus Slaattelid

Filosofihistorie

Innføring i europeisk filosofihistorie med særleg vekt på vitenskapshistorie og politisk filosofi.

Ex.phil. i dag?

Ei filosofihistorie lever sitt eige liv, uavhengig av vekslende pensa og undervisningsopplegg. Men samtidig er det undervisningsopplegga som utgjer kjøttvekta og som forlaga derfor orienterer seg etter. Det som framstår som ei utfordring for ex.phil., er derfor også ei utfordring for bøker av dette slaget.

I dag, som tidlegare, kjem den største utfordringa frå dei som vil rasjonalisere dei høgare undervisningsinstitusjonane. Med overgang til masseinstitusjonar har dette presset auka: Vi hadde

Mjøsutvalet, der ex.phil. overlevde med eit skrik. Og vi har Bologna-prosessen, der tidsramma for ”sveineprøva” (bachelorgraden) er redusert til tre år, rett nok forsøkt kompensert ved lengre semester og meir oppfølging av studentane. Like fullt er problemet reelt når ex.phil. no blir normert til eit tredjedels semester, mens det i tidlegare tider låg på om lag 70% av eit semester.

Det er avgjerande at ex.phil., som obligatorisk opplegg for alle studentar ved våre breiddeuniversitet, kan forsvarast fagleg og pedagogisk. To faglege poeng er viktig i den samanhengen: (i) Opplegget må vere både argumentativt og dannande. (ii) Opplegget må på same tid omfatte innførande refleksjonar over ulike vitenskapar, deira føresetnader og grenser, og over ulike politiske og religiøse doktrinar.

Dette kan formulerast slik: utan eit innslag av kritisk (og sjølvkritisk) refleksjon over ulike vitenskapar og verdssyn vil ex.phil. ikkje vere på høgde med fordringane i tida, og utan ei sjølvkritisk og argumentativ danning i høve til eit visst repertoar av historisk situerte diskusjonar vil ex.phil. vanskeleg kunne forsvarast på sikt.

Positivt sagt, ex.phil. har ei viktig rolle som opplysningsprosjekt både ved dei høgare utdanningsinstitusjonane og i samfunnet elles. Det er tale om ei intellektuell danning og om ei ”modernisering av medvitet” som både omfattar sjølvkritisk rasjonalitetskritikk og sjølvkritisk religions- og ideologikritikk.

Fungerer det slik? Her er visseleg eit forbettringspotensial, og det har det vori i lengre tid. (Korleis kunne studentar, drilla i Arne Næss og ”En del elementære logiske emner” (ELE), ende opp i indoktrinerte rørsler som AKPml? Og kva med alle dei som i det moderne mediasamfunn usjenert skli rundt i verbalt ”bullshit”? Kva har dei lært av ex.phil.? Men for å snu på flisa: Hadde det vori endå verre utan?)

Boka som 40-årsjubilant

Kor som er, no feirar vi ei merkverdig hending, at ei filosofihistorie på norsk har overlevd i mange år og stadig er oppegåande, både her og der. Tre ting framstår som merkverdige:

Dette er ei filosofibok på nynorsk, eit språk som den kompakte elite i si tid, ut frå den tids språksyn – frå Johan Storm og Sofus Bugge til Bjørnson og Ibsen – såg på som fullstendig ubrukeleg til nyansert og abstrakt tenking.

Til overmål er boka omsett og utgitt i mange land (i internasjonal konkurranse med andre bøker av same slag), inklusive Kina, Russland, fleire land i Sentralasia, men også Tyskland og Frankrike, som sjølv er storprodusentar av filosofihistorier (det å komme inn utanfrå er i så måte som å kjøre ”kol til Newcastle” eller selje ”bilar til Japan”).

Og endeleg, boka har overlevd i 40 år, nettopp i år, frå 1970 til 2010.

Dette er, samla sett, litt spesielt: forlagsmessig, for norsk fagprosa, og for norsk fagfilosofi.